

# **Velkommen til Horpestad SFO**

## **2021-2022**



## Visjon og forankring

«Med blikk for alle» er Klepp kommune sin visjon. Denne ligg til grunn for arbeidet på SFO.

Med utgangspunkt i denne er Horpestad SFO sitt hovudmål :

*SFO er ein stad der barn opplever å bli sett, høyrte og er ein aktiv del av eit inkluderande miljø*

## Verdigrunnlaget

*Solidaritet – Mangfald – Ansvar – Raushet – Tryggleik. - «SMART SFO»*

Solidaritet: Ditt barn skal få vere ein del av fellesskapet. Det skal læra å forstå og respektera andre, andre sine meiningar og medverke til eit godt fellesskap. Barn lærer mykje av kvarandre, barn lærer mykje av trygge vaksne og vaksne lærer mykje av barn.

Mangfald(læring) og meistring: Ditt barn har med seg sine talantar og sine utfordringar.

Læring skal fortrinnsvis skje gjennom lek. Vi lærer at det er plass til alle og at alle har med seg sin «glupskap» (mange intelligensar). Innanfor desse rammene vil ditt barn få oppleve meistring og bygge vidare på sitt sjølvbilde.

Ansvar: Ditt barn skal få vidareutvikla sin sjølvkjensle, det å stå til ansvar både i medgang og motgang hjelper oss å bli gode medborgarar. Ditt barn skal få oppleve stoltheit og tryggleik til å meistre og feile.

Raushet: Ditt barn skal få bli kjent med mange andre barn. Skal få læra å sjå styrkar og likskap i andre, heller enn forskjellar. Barnet skal få oppleve kulturar og mangfald på ein måte der alle er verdsett. Det er rom for å feila, det er rom for å meistra, det er rom for å vera!

Tryggleik: Ditt barn skal få rammene som skal til for å nå sine mål, for å oppleva meistring og å tore å strekka seg litt lenger.

## **FOKUSOMRÅDA I HORPESTAD SFO:**

### **1. MEDBORGARKOMPETANSE OG SOSIALT MEDANSVAR**

**Mål: Barna skal lærast opp til å delta aktivt i samhandling med andre. Barna skal lære å forstå og respektera andre, andre sine meiningar og medverke til eit godt fellesskap.**

Det er viktig å sjå kvart einskild barn. Me vil ta oss tid til å høyre når barna har noko å fortelje. Me legg stor vekt på dei daglege samtalan med barna, og er opptatt av å vise omsorg for alle. Me gir positive tilbakemeldingar på positive handlingar. Me er bevisste på at alle treng ros, og gir dette td. ved god lek, samarbeid, rydding, orden i garderoben og når barna gjer positive handlingar mot andre.

Vi følger skulen sin plan for trygt skulemiljø, der førebygging av negativ åtferd gjennom å arbeide for eit positivt skule-og klasse miljø er svært viktig.

Vi vil at barna skal ha moglegheit til å påverke eigen kvardag. Derfor har vi SFO-møte med barna ein gong i månaden. Her er barna med på å bestemma kva me skal gjere av aktivitetar på stasjonar og i utelek, samt kva mat vi skal ha.

I storen av SFO-året vil barna vere med å lage reglar for korleis vi vil ha det på SFO. 3. og 4. trinn får medansvar for å vere gode rollemodellar.

### **2. LEIK SOM UTVIKLINGSARENA**

**Mål: Barna i SFO skal stimulerast til sosial samhandling gjennom ulike aktivitetar og leikeformer**

Gjennom lek utviklar barna seg sosialt, motorisk og emosjonelt. I SFO vert det lagt til rette for både frileik og organisert lek. Så langt som mogleg skal leiken leggst til rette på barna sine eigne premisser. Det betyr at barna skal få tid og rom til fri lek der dei kan leike uforstyrra under tilsyn av vaksne. Me er opptatt av at SFO skal vera ei naturleg og viktig læringsarena, og har tett samarbeid med kontaktlærarane på 1.-4. trinn.

### **3. HELSE, MILJØ OG FYSISK AKTIVITET**

**Mål: Barnet skal oppleve glede og meistring i fysiske aktivitetar og friluftsliv i nærmiljøet**

I SFO skal ein få høve til å bruke kroppen i ulike aktivitetar dagleg, både ute og inne. Det skal vere trygge og støttande rammer, der meistring og positive opplevingar er i fokus. SFO legg opp til utetid kvar dag, og me har eit godt uteområde. Me har tilgang på skulen sin gymsal, og vil bruke denne særleg vinterstid.

Måltidet skal vere koseleg for alle, der bordskikk og godt drøs er fokus. Ein dag i veka serverer me varm mat. Dei andre dagane vert det servert brødmåltid/knekkebrød/korn.

#### **4. KUNST, KULTUR OG KREATIVITET**

**Mål: Barna skal oppleve glede og meistring ved å delta i ulike kunst og kulturaktivitetar**

Kunst og kultur stimulerer til bruk av fantasi og kreativitet. Barna skal få moglegheit til å reflektera og bruka sansane. Barna skal bli kjende med og ta vare på tradisjonar. Me markerer høgtider med formingsaktivitetar.

#### **INFORMASJON**

##### **Opningstid**

Morgontilbodet er frå kl. 0700 til 08.10. Her må elvane ta med eigen matpakke om ein ønskjer å ete frokost. Drikka får dei i SFO. Opningstida på morgon SFO i ferier er frå kl 07.00.

##### **Dagsrytme**

|                      |                       |           |                     |
|----------------------|-----------------------|-----------|---------------------|
| Kl 11.55/12.40/14.00 | -Oppstart/Opprop      | kl. 14.00 | -Leik ute og inne   |
|                      | -Aktiviteter          |           |                     |
|                      | -Fri leik inne og ute | kl. 16.30 | -SFO dagen er slutt |
| Ca. Kl 13.30/14.15   | -Mat                  |           |                     |

Leksehjelp tysdager kl 12.45 – 13.10 (2 -4 trinn)

Leksehjelp er eit tilbod, og føresette gir beskjed om elevane skal gjere lekser på SFO. Elevane må sjølv ville gjere lekser på SFO. Det vil vere ein vaksen til stades når elevane arbeider. Føresette sitt ansvar å sjekke at leksene er gjort.

##### **Registrering og informasjon**

Dersom eleven ikkje har kome inn til oss etter skulen, eller etter det avtalen seier, kontaktar me føresette. Alle elever blir «kryssa inn» når dei kjem, og «kryssa ut» når dei vert henta. NB! Det er viktig at dei som hentar i SFO gjer beskjed til ein vaksen når dei går, slik at me får «kryssa dei ut»

Er det andre enn føresette som hentar eleven, skal me ha beskjed om dette. Enten via lapp i meldemappa eller SMS på SFO mobilen. Dette gjeld og viss eleven skal ha fri, eller vera med andre heim etter SFO. SFO mobil: 948 23423.

## **Henting av elever i SFO**

Åpningstida i SFO er for alle fram til kl 16.30. Me ber om at foreldra aksepterar opningstida. Ved forsein henting, vil det bli gitt ei skriftleg advarsel av SFO leiar. Frå og med 2. gong blir føresette fakturert etter kommunen sine satser på timepris for SFO.

## **Ferie**

SFO er stengd heile juli måned.

Julaften og nyttårsaften er det stengd.

Onsdag før skjærtorsdag er det ope til kl. 12.00.

## **Ferietilbod**

Det vart gitt tilbod om SFO i skulen sine feriar. Det gjeld berre dei dagane ein har til vanleg i SFO. Barna må vera levert innan kl 09.30.

**Planleggingsdagar**    17. og 18. aug. 2021  
                              12. nov. 2021  
                              03. jan. 2022  
                              27. mai 2022

Det er ikkje moglegheit til å kjøpa enkle dagar i SFO

## **Oppseiing av plass i SFO**

SFO har ein måned oppseiingstid. Det gjeld og for endringar i opphaldstida. Oppseiinga gjeld 1. i kvar måned. 1. mai er frist dersom ein ikkje skal ha SFO plass neste år.

Oppseiing av plassen gjer ein i **Visma**.

## **STYRING OG SAMARBEID**

### **Samarbeid med skulen og andre**

SFO-leiar deltek på interne møter kvar veke. Rektor og SFO-leiar har jamnlege møter.

SFO-leiar deltek på SFO-leiarmøter i kommunen.

Heile personalet i skule/SFO skal ha felles planlegging 3 plandagar.

SFO har eigne avdelingsmøter annakvar veke. Rektor deltek på desse ved behov/etter ønske.

### **Foreldresamarbeid**

Me ønsker nógde foreldre som er trygge på at barna vert tekne vare på og trivs hos oss.

Open kommunikasjon og samarbeid er viktig for at med skal gjera ein best mogleg jobb, og me ønsker innspel/tilbakemelding frå føresette. Send gjerne mail

[mariann.braut@klepp.kommune.no](mailto:mariann.braut@klepp.kommune.no) eller snakk med oss når du henter/avtal eit møte.

Kvar måned kjem det ut månadsplan. Denne vert hengd opp i garderoben og ligger på heimesida ( [minskole.no/horpestad](http://minskole.no/horpestad))

**Dette kan de forvente av oss som jobbar på SFO:**

Me tek barna på alvor, viser interesse, forståing og omsorg.

Me overheld teieplikta

Me er opptatt av at barna opplever glede, tryggleik og trivsel saman med oss og andre barn på SFO.

Me gir informasjon og tilbakemelding om forhold som gjeld ditt barn.

**Dette forventar me av føresette:**

De gir beskjed om når barnet skal ha fri eller er sjuk.

De gir beskjed om det er andre som skal hente bernet.

De gir beskjed når de hentar, sikrar at vi ser dette.

De respekterer fristar på å melde frå om td. ferieSFO mm.

De sikrar at barnet har klede /skifteklede etter årstida.

De tar kontakt om de lurar på noko.

**KONTAKT:**

Personalet skuleåret 2021-2022:

Mariann Braut – SFO leiar [mariann.braut@klepp.kommune.no](mailto:mariann.braut@klepp.kommune.no)

Ingrid Årstad – miljøarbeidar

Veronica Rosland – fagarbeider

Stine Høyen – miljøarbeider

Thea Orre Edland – lærling

Skulen sitt telefonnummer : 51786200

SFO mobil: 948 23423

Heimeside: [www.minskole.no/horpestad](http://www.minskole.no/horpestad)

Skulen sin mail: [horpestad.skule@klepp.kommune.no](mailto:horpestad.skule@klepp.kommune.no)

|                                                 |                            |                                                                           |                                         |                      |
|-------------------------------------------------|----------------------------|---------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|----------------------|
| Tatt initiativ                                  |                            | Lytta til andre                                                           |                                         | Vist omsorg          |
|                                                 | Opplevd motgong            | Vore ein del av fellesskapet                                              |                                         | Opplevd empati       |
| Utfolda seg                                     |                            | Tatt ansvar                                                               | Bygd sjølvfølelse                       |                      |
|                                                 | Brukt sansane              | Vore kreative                                                             |                                         | Øva på kommunikasjon |
| Vore nysgjerrig                                 |                            | Øvd motorikken                                                            | Gjeve av seg sjølv                      |                      |
|                                                 | Lært om reglar og normar   |                                                                           |                                         | Øva på tålmodigheit  |
| Samarbeida                                      |                            | Når barnet ditt svarer at dei berre har leika på SFO, så har dei likevel: |                                         | Øvd på turtaking     |
|                                                 | Øvd på konsentrasjon       |                                                                           | Gjort erfaringar med ulike typar leik   |                      |
| Opplevd samspel mellom barn/barn og barn/voksen |                            |                                                                           |                                         | Leda og blitt leda   |
|                                                 | Blitt utfordra             |                                                                           | Opplevd vennskap                        |                      |
| Opplevd latter og glede                         |                            |                                                                           | Læra om eigen identitet og egne grensar |                      |
| Opplevd samhold                                 |                            |                                                                           |                                         | Bygd sjølvtilitt     |
| Brukt fantasien                                 | Opplevd livsglede og humor |                                                                           | Bearbeidd erfaringar og Opplevelser     |                      |
| Øvd på konfliktløysing og forhandling           |                            | Utvikla seg emosjonelt og intellektuelt                                   |                                         |                      |

